

Velkomne til sommarkonsert på Stemneplassen, tysdag 12. juni.

10.06.2018



Stemneplassen er på nytt klargjort til sommarkonsert tysdag 12. juni kl. 19

Uskedal Friluftslag saman med Uskedal musikklag inviterer til Sommarkonsert på Stemneplassen, tysdag 12. juni kl. 19. Programmet er i boks og plassen er klargjort for ei gild samling i den fine sommarkvelden. Inntekta frå det populære loddsalet går til drift av friluftsplassen medrekna scene og møterom.

Styret i Uskedal Friluftslag er takksam for all støtte og interesse frå bygdefolket og frå næringslivet. Alle gevinstante til loddsalet er sponsa av lokale verksemder. Begge musikklaga vert med. Så langt vi kjenner til vil Musikklaget framføra musikk innan genren vals, marsj og dansebandmusikk. Musikk til årstida, som Kom mai du skjønne milde, står også på programmet.

Nytt i år er Benjamin Hus Ripel si framføring på einhjulssyssel. Han vil prøva å læra andre kunsten ved eit kort innføringskurs. Friluftsplassen høver godt for leikar. Audun Eik har nye og tradisjonelle leikar på lur. Allsong er eit fast innslag. Rustne Menn er amputert for tida, men møter fram med to av trubadurane.

Stemneplassen treng alltid stell og vedlikehald. Plassen vart klargjort til 17. mai. Ny dugnad i veka som var gjer at alt er klart for Sommarkonsert. Audun Eik har målt veggene på møterommet. Einar Gjertsen, Ove Myhre og Jofrid Eik har rydda og slege graset kring krigsminnesmerke og benkene.

Velkomne til sommarkonsert, tysdag 12. juni kl. 19 på Stemneplassen.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Einar Gjertsen



Audun Eik i styret har skrappt, pussa og målt veggene på scenebygget.